



**ELEGANSE:** Å vere döv er ikkje noko hinder for å kunne bevege seg til musikk med eleganse, og ikkje minst presisjon, slik desse flotte ungdomane i gult og glitter gjorde.

# Kulturelt fyrverkeri

**FJALER:** Høgdepunkta stod i kø då kinesiske virtuoser trollbatt eit fullsett auditorium på Haugland torsdag kveld. Med trampeklapp og jubel sikra publikum seg mange ekstranummer.

ATLE LYNSTAD NESS tekst og foto

Framsyninga «My Dream» marknadsfører olympiaden i Beijing neste sommar og er vist i over 40 land til no. Vert leikane like vellukka som denne aperitif-fen, står det ikkje på. For dette var strålende.

## Høgt fagleg nivå

Snart 30 års erfaring som journalist er ikkje nok til å finne rette orda. Det heng ikkje minst saman med at vi til vanleg slår om oss med at mykje er «kjempflott» og «fantastisk» slik at når vi som her verkeleg treng dei store orda, då blir dei liksom for små.

No er dei som ferdast på Haugland van med å møte andre land og kulturar, men dette vart likevel ein uvanleg kveld på fleire vis. Om vi ikkje visste, var det uråd å høyre på song- og

musikkinnslag at vi hadde blinde og dove og personar med andre funksjonshemmingar framfor oss.

## Første kinesar på nynorsk

Innslaga osa av presisjon og eleganse. Men heile tida med humoren på lur. Og då kinas svar på Sissel Kyrkjebø, polioråka Zulumaiti, slo til med «Kjærlighet» med uklanderleg uttale, stod jubelen i taket. Stor fagnad hausta også blinde og 25 år gamle Yang Haitao for si tolking av Ivar Aasens «Mellom bakkar og berg». På nynorsk, sjølv sagt!

Blinde Jin Yuanhui sat trottig ved pianoet og gav tonefølge mellom anna til fløylisten Mao Di, songarinna Li Haiying og det

avsluttande innslaget «Angel and Life» som handlar om Mark Wang og cystisk fibroseråka Ketil Moe.

## Dei fleste kan nå langt

I Kina er Wang eit symbol på at funksjonshemmingar ikkje treng begrensne sjansane til eit menneske. Det er snakk om å leggje forholda til rette. Dette fekk vi mange flotte bevis for denne kvelden. Det same gjeld heldigvis i vårt eige land.

Å skulle dra fram eitt av innslaga som det beste, i rein auditi-on-stil, ville vere dumt. Programmet var heilstøypt og solid, noko publikum visste å honorere.

atle.ness@firda.no



**TROLLBATT:** Magne Bjergene og Mark Wang var sjølvskrivne på fremste benk og let seg tilliks med resten trollbinde av dei flinke artistane.



**FINALE:** Som avslutning vart framført «Angel and Life» historia om Mark Wang (tolka av blinde Yang Haitao) og Ketil Moe (spelt av Thomas Stanghelle).



**PÅ NORSK:** Zulumaiti sit i rullestol etter at ho fekk poliomyelitt som to-åring, men syngje kan ho. Endåtil på norsk!